

Innspel frå Osterfjord til bruk av skjønsmidlar til regionale næringsfond

LM 24.4.2014

Osterfjordregionen ønskjer tildeling av kr 200.000 i skjønsmidlar for å styrkje forskingsbasert og næringsretta samarbeid med m.a. Høgskolen i Bergen.

Osterfjordregionen har sidan 2007 hatt ein samarbeidsavtale med Høgskolen i Bergen. Me samarbeider på ulike måtar og på ulike felt.

Eitt aktuelt døme er samarbeidet om «Kompetanseutvikling i CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland» som Osterfjord Nærings samarbeid har teke initiativet til og er prosjektansvarleg for. I 2014 har Innovasjon Norge innvilga 3 mill kr, Hordaland fylkeskommune kr 250.000 og Regionalt næringsfond for Osterfjord kr 250.000 til prosjektet. Som resultat av initiativet og prosjektet vil HiB no utarbeide eit bachelor og mastertilbod innan CNC og robot. Dette skjer i samarbeid med industrien, Bergen tekniske fagskole og Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. I 2013 løyvde næringsfondsstyret kr 75.000 til medfinansiering av forprosjektet.

Næringsfondsstyret løyvde i 2013 kr 580.000 til utviklingsprosjektet Flettverk der HiB er ein viktig samarbeidspartnar med m.a. bachelor og masteroppgåver knytte til prosjektet. Hordaland fylkeskommune er også ein viktig bidragsytar til finansiering av dette prosjektet. For å styrke forskinga i dette samarbeidet løyvde næringsfondsstyret samstundes kr 100.000 til medfinansiering av eit forprosjekt gjennom Regionalt forskingsfond Vestlandet med arbeidstittel «Styrking av næringslivsutviklingen i Vaksdal kommune gjennom innovasjon og rekruttering».

Me har no arbeidd vidare me planar for dette forprosjektet som for tida har arbeidstittel «Forskingsbasert utvikling av nye metoder og arbeidsmåtar for økt kompetanse, innovasjon og entreprenørskap i Osterfjordregionen». Ambisjonen er å oppnå finansiering i forskingsfondet; først som forprosjekt og deretter som hovudprosjekt.

Eit anna fagfelt me i fleire år har samarbeidd med HiB om, er «teknologileiing». Dette har m.a. ført til søknad om forprosjekt under Regionalt forskingsfond Vestlandet med tittel: «Teknologiledelse og kunnskapsutvikling i lokale industriklynger». Dette vart innvilga no i 2014 og me har no under handsaming medfinansiering av dette frå næringsfondet med kr 45.000. CNC og robot vil vere mellom aktuelle tema i dette prosjektet.

Styret for Regionalt næringsfond for Osterfjord ønskjer å kunne bidra med medfinansiering for å kunne føre desse 2 forprosjekta vidare som hovudprosjekt under Regionalt forskingsfond Vestlandet samt anna forskingsbasert samarbeid og ønskjer for 2014 kr 200.000 i skjønsmidlar til dette.

Dette vil vere i samsvar med mange av prioriteringane i «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 – HNH 2014».

Her tek me med eit lite utval av aktuelle prioriteringar:

Legge til rette for samarbeid mellom FoU-miljøa og næringslivet, mellom anna ved aktiv bruk av ordninga «Virkemidlar for regional innovasjon», VRI.

Legge til rette for auka kompetanseoverføring og samhandling mellom dei sterke næringsklyngene i fylket.

Det vil vere eit særskilt fokus på opne innovasjonsprosessar

Stimulere til eit betre samspel mellom Hordaland sine sterke universitets- og forskingsmiljø og regionalt næringsliv med sikte på å utvikle det næringsretta studietilbodet og auke samspelet mellom teoretisk og praktisk opplæring.

Få i gang fleire teknologiske retta studietilbod på mastergradsnivå (siv.ing.) og som er etterspurt av næringslivet.

Legge til rette for at bedriftene tek kompetansen som blir utdanna i utdanningsinstitusjonane i bruk. Vidareføre satsinga på kompetanseheving hjå rettleiarane i fyrstelinja i kommunane.